



DEN NORSKE KYRKJA
Høyanger Kyrkjelege fellesråd

Marcus Thranes gate 3
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100

Høyanger 18.10.24

Protokoll for møte i Høyanger kyrkjelege fellesråd

Mottakarar i fellesrådet:

Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Vidar Myren, Torsten Müller, Toril Lange, Bjørn Harald Nybø, Terje Søreide og Kjersti J. Søreide, Frode Merkesvik, Andreas Ester,

Kopi går til:

Jens Ole Årdal, Sjur Håvard Øygard, Elisabeth Johansen, Eldrun Nordahl, Torunn Styve, Sissel Sørebo, Camilla M. Ådland, Leif Arne Fureli. Knut Magne Nesse. Inger Cesilie Fitje, Renate Ørnehaug Dale, Petter Sortland og Ørjan Haram v/ postmottak Høyanger kommune.

Torsdag 17.10.24. kl.10.00 på Høyanger kyrkjekontor og digitalt.

Frammøte:

Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Vidar Myren, Torsten Müller, Toril Lange, Bjørn Harald Nybø og Andreas Ester. Terje Søreide og Sissel Sørebo deltok digitalt

Meldt forfall: *Kjersti J. Søreide, vara møtte.*

Forfall: *Frode Merkesvik*

Sakliste:

Opning av møtet:

- **Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokollen frå 19.09.24.**
 - Innkalling, sakliste og protokoll vart godkjent
- **Soknepresten har ordet**
 - Presten las leseteksta for komande søndag frå Filipparane 2,1-4
«Tenk ikkje på dykkar eige beste, men på det som er godt for andre.»
I fortsettinga går det på å ha Kristus som førebilete.

Meldingssaker:

022 Kyrkjeverja har ordet.

Kyrkjeverja orienterte kort om nytt frå staben: Tilsettingssituasjonen i høve trusopplærar og kyrkjetenar får vonleg snart ei formell avklaring. Men i praksis har me vakante stillingar.

I høve kyrkjetenarbiten, har me ein annan kyrkjetenar som tek mange av oppgåvene.

I høve trusopplæringa er det store behov. Nokre av desse oppgåvene tek soknerådet i Høyanger seg av. Babysong kan ligge innafor diakonen sitt arbeidsområde og blir fulgt opp av diakonen. Administrativt i høve konfirmantførebuinga i Høyanger og Kyrkjebø sokn har det vore mykje å ta tak i. Diakonen har delteke i dette arbeidet slik at konfirmantførebuinga går sin gang.

Det er teke kontakt med prosten - som er arbeidsgjevar for diakonen, om me kan få ein avtale der Høyanger kyrkjelege fellesråd kan leige diakonen inn for oppgåver som ligg utanfor ansvaret diakonen har i stillinga si. Dette er mogleg fordi diakonen er tilsett i 80% stilling.

Vedtakssaker:

021/24 Vedlikehalds- og investeringsplan for 2025 – 2028

Planen vart gjennomgått og nokre moment kom til – som å få laga ein ENØK-plan for kyrkjene, plan for vedlikehald av instrumenta m.m.

Vedtak:

Fellesrådet vedtek vedlikehalds- og investeringsplanen for 2024 – 2027 med dei endringar som kom fram i dette møtet.

Samrøystes

022/24 Budsjett for 2025

Kyrkjeverja gjekk gjennom og fellesrådet gjorde ein grundig vurdering av budsjettet.

Vedtak:

Fellesrådet vedtek budsjettet for 2025 slik det føreligg med dei innspel som kom fram i møtet.

Samrøystes

023/24 Søknad til Høyanger kommune om drifts- og investeringsmidlar

Med bakgrunn i dei føregåande sakene vert det utforma ein søknad til Høyanger kommune.

Vedtak:

Fellesrådet godkjenner søknaden om driftsmidlar frå kommunen slik den vert utforma av kyrkjeverja.

Samrøystes

Neste møte vert tysdag 26.november.

Dette møtet kan bli utvida med ei avslutning før jul for fellesrådet, gjerne saman med staben.

Protokoll ført av:

Stig Jonny Fitje

Kyrkjeverje for Høyanger kyrkjelege fellesråd